MENINGER

Sjefredaktør:
**Lars Helle**
e-post: lahe@aftenbladet.no

Redaktør:
**Tarald Aano**
e-post: tarald.aano@aftenbladet.no

Administrerende direktør:
**Siv Juvik Tveitnes**
e-post: siv.juvik.tveitnes@aftenbladet.no

Nyhetsredaktør:
**Carl Gunnar Gundersen**
Kultur- og debattredaktør:
**Solveig Grødem Sandelson**

05150

**Leder** Næringsliv

# I spiss for omstilling

**Lykkes Rogaland med å bli mindre oljeavhengig, lover det godt for resten av landet.**

I dag besøker finansminister Siv Jensen (Frp) Stavanger, som den første i en lang rekke statsråder som gjør seg ærend til fylket vårt.

Det er neppe tilfeldig. Oljefylket Rogaland går foran i en utvikling hele Norge må gjennom. Vi har vært den mest oljeavhengige landsdelen, og rammes derfor hardest av fallet i oljeprisen. Men når nedgangen nå brer seg til andre næringer, er det en illusjon å tro at ikke andre deler av landet blir berørt i større og mindre grad.

Samtidig er Rogaland et godt barometer med tanke på hvordan vi skal komme oss ut av krisen. I tidligere debatter om vår oljeavhengighet er det alltid sagt at oljenæringen har mye verdifull kompetanse som kan tas i bruk på andre områder når det blir nødvendig. Det rapporteres da også om stor interesse for å starte egne bedrifter her i fylket. Resultatene gjenstår å se, men om Rogaland lykkes med å omstille næringslivet, varsler det godt for hele landet.

**Krisen i oljenæringen er ikke midlertidig.**

Det er likevel ingen tvil om at de første årene blir tøffe. Regjeringen må ha to tanker i hodet på en gang. Offentlige tiltak som økt vedlikehold av bygg, veier og annen infrastruktur er både samfunnsnyttig og kan sikre arbeid til mange av de som blir ledige. Framskynding av nyanlegg kan også være fornuftig, både for å holde byggenæringen i virksomhet og fordi kontraktene kan bli billigere i nedgangstider.

Den store oppgaven – omstillingen av økonomien – løser vi imidlertid ikke med tiltakspakker alene. For krisen i oljenæringen er ikke midlertidig, slik mange trøstet seg med i begynnelsen. Også administrerende direktør Karl Eirik Schjøtt-Pedersen i Norsk Olje og Gass slår fast at mange av oljejobbene ikke vil komme tilbake selv om oljeprisen skulle gå opp igjen.

Arbeids- og sosialminister Anniken Hauglie (H) har derfor et poeng når hun peker på at Arbeiderpartiets krav om utvidet permitteringsordning ikke nødvendigvis vil hjelpe Rogaland, dersom det fører til en avventende holdning til omstillingsarbeidet.

Vi er enige med regjeringen i at sterkere satsing på forskning og utvikling er viktig for å stimulere omstillingen. Vi har mindre tro på at nye skattelettelser vil gi særlig stor effekt. Men det avgjørende nå er at regjeringen er tydelig på at vi er på vei inn i en ny økonomisk tid. Innstiller vi oss først på det, kan det fort gå godt.




Vår nye klimaminister, Vidar Helgesen, er varsom med å love noe som helst. Han vil med andre ord fortsatt gi anonymiteten et ansikt.

**Gjestekommentar**

# Fingrane av fatet

**Om politikarane legg til rette for omstilling, så ordnar næringslivet resten sjølv.**



**Klaus Mohn**
Professor, Handelshøgskolen ved UiS og NHH

Etter femten år med framgang har Vestlandet gått på ein smell. No er det dagen derpå, og stemninga er deretter. Det blei i meste laget, me ser det no. Festen var beint fram for god til å være sann. Tida har kome for å gjere opp – med sjølvnøye, aktlaus vekst og kostnadsgalopp. Stemninga har gått frå ovmot til oppvask.

Du veit du er i trøbbel når sjølv Næringsforeningen innrømmer at det er krise. Utsiktene blir stadig nedjustert, og i tida som kjem kan ein vente nye kutt i investeringane blant oljeselskapa, både for dette året og det neste. Verre er det at det blir stadig færre som trur at oljeprisen kan stige til gamle høgder. Dermed må ein etter alt å døme venne seg til ein vesentleg lågare oljepris enn ein har vore van med.

**Korleis møte krisa?**

Mange syn gjer seg gjeldande på korleis denne situasjonen bør møtast av politikarane. På den eine sidan finn me dei som tenker på situasjonen som forbigåande. Dei vil naturleg nok argumentere for at kapasitet og kompetanse må haldast ved lag, medan ein ventar på det neste oppsvinget. På den andre sida finn ein dei som ser situasjonen som ein uunngåeleg konsekvens av at olje og gass er ein avgrensa ressurs. For desse er omslaget av varig karakter, og det me treng er difor omstilling.

**Å hjelpe dei nest beste gjennom lågterskel-tilbod til kapital burde ikkje være ei offentleg oppgåve.**

Frå næringsinteresser i Stavanger-regionen har Solberg-regjeringa møtt kritikk for ei påstått slagside mot dette siste hovudsynet. I tråd med eit slikt syn har regjeringa vegra seg for stimulerande tiltak som kan halde aktiviteten i olje- og gassnæringa ved lag, fordi slike tiltak rett og slett kan bremse den naudsynte omstillinga.

Ikkje desto mindre er det grunn til uro når det gjeld lokalpolitikarane sin iver i næringspolitikken på lokalt nivå, med oppnemning av ekspertgrupper, auka satsing på næringsutvikling, forsking og utvikling, innovasjon og gründer-verksemd. 10.000 arbeids-

pressens faglige utvalg
PFU

**Adresse:** Rådhusgt. 17,
Postboks 46, Sentrum 0101 Oslo.
Telefon: 22 40 50 40
Telefaks: 22 40 50 55
E-post: pfu@presse.no

**Stavanger Aftenblad** arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale, oppfordres til å ta kontakt med redaksjonen.

plassar er det luftige målet. Det kunne vore kva som helst. Arbeidsplassar kan uansett ikkje bestillast.

**Dansen rundt gullkalven**

Det som er sikkert, er at nokon kjem til å fråtse i pengane som no skal delast ut. Det som er nesten sikkert, er at tiltaket ikkje vil bli evaluert, og i alle fall ikkje av andre enn kommunen sjølv – eller av ein kjøpt og betalt konsulent. Det som i beste fall er svært usikkert, er om det kjem ein einaste varig arbeidsplass ut i andre enden.

Akkurat dette fekk Telemark fylkeskommune erfare då dei betalte 5 millionar kroner til kommunikasjonsbyrået First House for å skaffe 300 arbeidsplassar til fylket. Kor mange arbeidsplassar blei det? Ikkje ein einaste ein. Men gjett om dei koste seg, dei som brukte pengane.

Det er ikkje berre erfaringa som tilseier at politikarane bør vise varsemd når det gjeld næringsutvikling, og spesielt når det gjeld å velje kva slags næringar og føretak som skal satsast på. Forskinga tyder og på at det både er kostbart og risikabelt å konkurrere med marknadskreftene i utforminga av morgondagens næringsstruktur.

Som i oljenæringa er det ikkje mangel på kapital som held aktiviteten nede rundt innovasjon, nyskaping og føretaksetablering. Både landet vårt og regionen vår flyt jo over av pengar. Det er gode idéar og forretningsmodellar som er den knappe faktoren. Gode prosjekt vil alltid få finansiering, og dei beste gründarane vil alltid lykkast. Å hjelpe dei nest beste gjennom lågterskel-tilbod til kapital burde ikkje være ei offentleg oppgåve.

Likevel driv ein altså på – med dine og mine skattepengar.

Elles får ein minne om at det som no skjer rundt olje-næringa, gir eit tap av arbeidsplassar som umuleg kan erstattast av innovasjon og gründer-verksemd. Det er heller ikkje berre høgt utdanna gründer-spirar som no blir skalla av i olje- og offshorenæringa.

**Det er storleiken som tel**

Om det er sysselsetting ein er oppteken av, så bør ein difor halde eit like godt auge med dei store, etablerte føretaka som på dei som fortsatt ikkje finst. Ei utviding av verksemda ved eit mellomstort føretak treng ikkje å være altfor stor for å overgå sysselsettingseffekten frå det meste av gründerverksemd.

Hovudoppgåva for politikarane burde uansett være å gjere regionen til ein attraktiv stad å bu og arbeide. I næringspolitikken burde politikarane difor samle seg slavisk omkring kjerneoppgåvene i kommunal tenesteyting. Vidare bør ein gjere sitt for å stimulere til generell infrastruktur-utvikling i regionen, utan spesielle omsyn til enkeltnæringar. I slike saker må ein gjerne og øve påtrykk mot sentrale politikarar og statsmakta. Dette gjeld utdanning og forsking, kultur og idrett, samferdsel og transport. På dette siste området vil mange til dømes meine at politikarane har svikta, som følgje av feilprioritering både av politiske ressursar og investeringsmidlar.

**Fingrane av fatet**

I næringspolitikken blir rådet dermed at politikarane samlar kreftene rundt overordna rammevilkår, og overlèt til næringslivet det som næringslivet kan best. Dette vil gi ei omstilling som er meir kostnadseffektiv og mindre risikabel enn om næringsstrukturen for framtida blei planlagt av det offentlege. Og nettopp difor er det at næringspolitisk atterhald vil gi dei beste utsiktene for varig vekst og vidareutvikling.



**Gode prosjekt vil alltid få finansiering, og dei beste gründerane vil alltid lykkast. Difor er det feil av politikarane å bruke skattepengar på å stimulere utvalde næringar.** FOTO: SHUTTERSTOCK/SCANPIX

**Kommentar**

# Stort er trøbbel

**Er det noen som på alvor tror at det er mulig å samle rundt 800 mennesker under ett tak uten at det oppstår gnisninger?**

Den skolen finnes knapt som ikke opplever mobbing. Rivalisering, posisjonering og utfrysing er en del av hverdagen på svært mange arbeidsplasser og i de beste nabolag. Men vi forventer at det går så mye bedre når slitne, trøtte og redde flyktninger som verken forstår vertskapets eller hverandres språk og sosiale koder, samles under ett tak. Om deler av norsk flyktningpolitikk er naiv, er det dette.

Regjering, Storting og forvaltningen var uforberedt, både mentalt og praktisk, på den plutselige økningen i tallet på flyktninger som krysset grensen til Norge mot slutten av fjoråret. Ett av svarene på det uventede var store krisemottak der opp mot tusen mennesker fra ulike deler av verden ble plassert sammen og samtidig.



**Torunn Egge Roux**
journalist

Hva kunne vi vente?, spørres det retorisk i sosiale medier som nærmest har kokt over i harnisk over noen barnefamilier som var livredde for å flytte fra en trygg havn på et lite mottak til uoversiktlige Forus. De er kravstore, og norske myndigheter bør sende dem hodestups ut av landet og helst tilbake til krigsmarkene i Syria.

Det vi kunne vente er norske myndigheter som innser det opplagte: Å samle rundt 800 mennesker under ett tak, som på Forus, er en oppskrift på hvordan angst og usikkerhet skapes og forsterkes.

Både de som driver akuttmottaket på Forus, de nærmere 800 flyktningene som til enhver tid bor der og nabolaget som har tatt imot dem fortjener enorm respekt for jobben de har gjort. Det er mot normalt at så mange mennesker, ukjente for hverandre og for omgivelsene, greier å leve sammen uten å skape langt større problemer enn vi har sett.

Vi bør endre praksis mens leken er god, legge ned de største mottakene og satse de ekstra kronene det koster å holde oss med mindre mottak, også i akuttfasen. Det sies mye fint om å satse på integrering. Å samle mennesker på gigantmottak er det motsatte. For hvordan integrerer vi et folkehav der enkeltmennesket har druknet?

**Pressens faglige utvalg** (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmennheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

**Aftenbladet** betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringsvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

**MER DEBATT**
SIDE 22-24

**Arbeidsledigheten må ned**
Siv Jensen, finansminister (Frp)
**Nå må nok være nok**
Oddvar Hølland, klubbleder, Aker Egersund